

Vestland fylkeskommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/280 - 23/2504

Sakshandsamar:
Svein Helge Hofslundsengen
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:
13.03.2023

Vedk. sak til fylkestinget 14.3.23 kring "Avvikling av eigarskapen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS"

På vegne av Gulen og Masfjorden kommunar vil underteikna påpeike forhold me meiner er feil framstilling av situasjonsbiletet.

I samband med etablering av GMU AS vart det lagt til grunn ein eigarstruktur og tankar kring behov for kapital i det nye selskapet. Ei oversikt som illustrerte dette følgde saka (sjå tabell under). Forutan aksjekapital – var det lagt føringar for løpande drift av selskapet. Kommunane skulle gå inn med kr 250 000 årleg og Sogn og Fjordane fylkeskommune kr 500 000 årleg. Kommunane har i perioden samla ytt kr 11,7 mill. til drift av selskapet. Fylket ytte litt i starten, første åra. Dette utgjer samla kr 1 mill. Etter føresetnaden skulle imidlertid fylket ha betalt inn ytterlegare kr 6 mill., då samla kr 7 mill pr. utgangen av 2022. Dette er eit forhold kommunane meiner må inn i vurderingane og drøftingane kring verdsetting av fylket sin eigardel.

Aksjonær	Aksjekapital	Antall aksjer	Pålydende	Emisjonskurs	Overkurs	Egenkapital	Eierandel
Gulen kommune	1 111 000	4 444	250	750	2 222 000	3 333 000	20,67 %
Masfjorden kommune	1 110 750	4 443	250	750	2 221 500	3 332 250	20,67 %
SIVA sf.	1 278 250	5 113	250	750	2 556 500	3 834 750	23,78 %
Hordaland fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %
Sogn og Fjordane fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %
Rest tilskudd kai							
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	875 000	3 500	250	1 000	2 625 000	3 500 000	16,28 %
Sum	5 375 000	21 500			11 625 000	17 000 000	100,00 %
Driftstilskudd							
Gulen Kommune						250 000	
Masfjorden kommune						250 000	
Sogn og Fjordane fylkeskommune						500 000	
Sum totalt						18 000 000	

Eit anna alternativ som vart drøfta i startfasen for selskapet, var at drifta av selskapet skulle bli finansiert av avkastning av egenkapitalen. Rentenivå og plassering, gjorde at dette ikkje tilførte selskapet nok kapital.

Skulle ein hatt den aktiviteten som har vore i perioden og finansiert gjennom eigenkapital/avkastning, ville balanseført eigenkapital pr. 31.12.20 (brukt ut i frå saksutgreiinga til fylket) vore vesentleg mindre.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Vestland fylkeskommune